


Saman om å støtte barns utvikling i fosterheim



Bakgrunn

Gjennom prosjektet ville vi gjere oss klare for dei nye oppgåvene i fosterheimsarbeidet, og ytterlegare betre eksisterande praksis. I prosjektet retta vi fokus på samarbeidet mellom fosterforeldre og barnevernsteneste, korleis sikra at fosterforeldra opplever støtte og målretta hjelp frå både saksbehandlar og rettleiar, og ikkje minst viktigheita av gode prosessuelle samtalar med barnet/ungdommen. Prosjektet har mellom anna lagt vekt på den betydninga det har for psykisk helse og identitetsgrunnlag å kjenne historia si, og sett på korleis systematisk biografisk arbeid kan gjerast på ein god og praktisk tilgjengeleg måte.

Målgruppe

Det er utvikla tiltak retta direkte mot barnet/ungdommen, fosterforeldra, og eventuelle øvrige barn i fosterfamilien, men òg tiltak til hjelp for saksbehandlarar og rettleiarar.

Hovudmål knytt til

- Oppfølging av fosterbarnet og fosterfamilien
 - Rutinar for fosterheimsbesøk
 - Mal for Barnesamtale og Samtale med øvrige barn
 - Biografisk arbeid/barnets historie
 - Mandatsutforming til rettleiing
- Rettleiing
 - Alle fosterheimar har tilbod om individuell rettleiing
 - Samarbeidsrutinar med- og mandat frå kjernebarnevernet
 - Tilbod om grupperettleiing (1. års gruppe)



Min historie

Utarbeidet av Cristin O. Osland og Birgitte Taranger i prosjektet "Sammen om å støtte barns utvikling i fosterhjem 2021"



Kva har vi utvikla?

- Samarbeid kring
 - 1.års grupper (grupper for slekt, og grupper for nøytrale/nettverk hjem)
 - Kurskveldar for fosterforeldre
- Spørjeskjema til fosterbarn, fosterforeldre, saksbehandlarar/kontaktpersonar og rettleiarar (0-pkt måling og nye målingar 1., 2. og 3 år i samarbeid med NORCE)
- Rettleiarnettverk
- Samtalemalar; samtale med fosterbarnet og samtale med øvrige barn
- «Min historie»; mal for Biografisk arbeid

Prosjektet starta i 2019, og arbeidet med prosjektet vart avslutta årsskiftet 2021/2022. Arbeidet vart etter dette integrert i den ordinære drifta i kommunane.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Anne I. Nygård, e-post anne.irene.nygard@alver.kommune.no

Line Midtøy, e-post line.midoy@bergen.kommune.no

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen, Alver og Askøy barnevernsteneste, og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida til Statsforvaltaren](#)